Meldingsblad

Nr. 2 2018 - 30. årgang

# Varhaug Misjonshus



Innhald:


| | | | |
|---|---|---|---|
| Andakt | Side 5 | Kvinneforreningar | Side 16-17 |
| Julemesse | Side 6-8 | Madagaskar | Side 22-23 |
| Min song | Side 11 | Julekonsert | Side 25 |
| Awana | Side 12-14 | Mi bok | Side 27 |
| | | Vaktlister | Side 30 |


normisjon

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

**BØEN STORKIOSK**

MAT - SPILL - KIOSK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug

FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99

FØLG OSS PÅ FACEBOOK

NSB

RIKS TOTO

**Rogaland Bildeler a/s**

*www.rogalandbildeler.no*

**Bilopphugging og stort delelager.**
Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no





## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

**Meldingsblad for Varhaug Misjonshus**
1 - 2018
30. ÅRGANG

**Eigarar**
Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

**Norsk Luthersk Misjonssamband**
Formann:
Tormod Nord-Varhaug
Mob. 908 67 879

**Det Norske Misjonsselskap**
Formann:
Njål Omland
Mob: 916 89 177

**Normisjon**
Formann:
Kjartan Horpestad
Tlf: 926 89 585

**Indremisjonsforbundet**
Formann:
Toralf Liene
Mob: 475 02 015

**http://www.varhaug-misjonshus.no**

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Tlf: 51 43 08 08
E-mail adresse:
post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misjonshus.no
Tlf. 900 58 503

# Frå redaksjonen



Når bladet går i trykken er det nok mange som er opptekne med å førebu julamessene. Fleire komitear har vore i sving i lang tid, for det er mykje som skal planleggjast og gjerast klar. Me presenterer her programmet for NLM, NMS som har julemesse på Varhaug, og Nor Varhaug som er med på Nor si messe på Vigrestad. Det er julamessene og «Me syng jula inn» som samlar mest folk på Misjonshuset gjennom året. I år syng «Me jula inn» den 16. desember, kl 18.

På framsida av dette bladet har me teke med eit bilete frå pyntedekorasjon til IMF under basarveka i haust. Det er Toril Skretting som laga den.

Denne gongen har me fokus på nytt barnearbeid på Misjonshuset. Sjur Håland har snakka med Gerd Håland og Gina Ueland. Dei deltok på Awana-konferansen på Sandnes i vår, og har saman med mange andre brukt sommaren til å pussa opp lokala i kjellaren på Misjonshuset. Awana er eit verdsomspennande opplegg, som IMF har teke til Norge, og bearbeidd slik at det passer inn her i landet.

Andakten er levert at Johannes Bøe. Han er oppteken av tvil og tru, at det som me har fokus på – det vil veksa. Han har fått erfara at det er godt å tru på Jesus og det er godt å fylgja Han og leva sammen med Han.

Min song er det Tarald Ånestad som står bak. Han syng i Hananja og nynner fortsatt på ein song som dei song då han gjekk på Kvås folkehøgskule då han var 16 år: «Jesus, det eneste, helligste, reneste navn som på menneskelepper er lagt»!

Homlabøle som har halde til i matsalen på tysdagar, har nå flytta ned i kjellaren der som Awana held til på annankvar sundagsføremidda. Karin Lerbrekk fortel om dette i samtale med Kjellaug Røynås.

Me starta i førre nummer ein ny serie: Mine bøker. Denne gonger er det Anne Synnøve Ånestad som fortel om bøkene til Trygve Guldbransen. Desse bøkene gjorde inntrykk på henne då ho var ungdom og dei gav meirsmak på lesing. Bøkene opna ei dør inn til ei ny verd av god skrivekunst og spennande opplevingar.

Guri Skrettingland fortel frå ein tur til Madagaskar, som ho og Jonas var på i sommar. Dei var misjonærar der på 80/90-talet.

På baksida av bladet er det eit bilete som er teke på Genesaretsjøen av Børge Skretting, då han var med på ein tur til Israel i 2008. I lag med IMF/Sambåndet kan dei som vil vera med på ein tur til Israel og Genesaretsjøen i april 2019. Mange har høyrt forteljingar både frå Genesaretsjøen og andre stader i Israel på sundagskulen og på møter på Misjonshuset.

Njål Omland har hatt pause frå redaksjonen denne hausten.

Per Åge Skretting

I redaksjonen: Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad, Per Åge Skretting og Karin Lerbrekk.

FK butikken
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

WD
Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING

KJÆRNEBORING
BETONGSAGING

**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

LOTUS
BLOMSTER & GAVER

elkonor
EL-TEAM
Elektroentreprenør
AUTORISERT ELINSTALLATØR
Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Lars Gaute Sport
sport 1
VARHAUG 51 43 28 80 NÆRBØ 51 43 43 10

SKAL DU GRAVE?
KONTAKT
ERLING AUESTAD
MASKINENTREPENØR
VARHAUG
Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815

# Tvil, sannhetens våpen?

**Har du prøvd å bruke tvilen din som et våpen? Klarer du setta ord på tvilen? I jakten på sannheten kan tvilen være til hjelp.**

*Johannes Bøe*

Det er ikke nødvendigvis farlig å tvile, selv om det kan oppleves ubehagelig. Om jeg tviler, er det ikke slik at jeg da også tror? Kan man tvile uten å tro? Det ene utelukker ikke det andre, og vi kan bruke den tvilen vi kjenner på som et verktøy for å få tak i sannheten. Jesus er sannhet, og han tåler at vi jakter på det som er sant. Våg å sett ord på din tvil.

I bibelen står det at troen er en gave, det er ikke noe vi skal klare av oss selv. Paulus skriver i sitt brev til Efeserne:

For av nåde er dere frelst, ved tro. Det er ikke deres eget verk, men Guds gave.

*Ef. 2.8*

I Johannes 14.26 står det:

Men Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt og minne dere om alt det jeg har sagt dere.

Gud har sendt oss Den Hellige Ånd for å vise oss hvem Jesus er. I møte med Jesus kan noe være vanskelig å forstå, men Den Hellige Ånd vil hjelpe oss.

Mange ganger er det slik at det vi har fokus på – det vokser. Jeg håper du får erfare at troen din vokser i jakten på Jesus. Jeg har fått erfare at det er godt å tro på Jesus og det er godt å følge han og leve sammen med han.

Må Håpets Gud fylle dere med all glede og fred i troen, så dere kan bli rike på håp ved den hellige Ånds kraft.

*Rom. 15.13*

Min oppfordring til deg er å la tvilen din hjelpe deg å finne Jesus som din frelser. Lykke til og Guds rike velsignelse over deg og dine!





FOTO: ANNIE SPRATT / UNSPLASH.COM

# Julemesse

## 16. - 17.november

## VARHAUG MISJONSHUS

### Fredag

17:30 Matsalget startar
Salg av gryterett, kaker og kaffi

19:00 Song- og musikkmøte med
Hanaja

Etter møtet vert det varesalg og
kafeteria
Åretrekning

### Lørdag

11:00 Møte
Andakt av Brit Jorunn Hovda
Song av Yngreskoret

Varesalg og kafeteria med salg av
middag, graut, kaker og kaffi.
Åretrekning

14:00
Familiemøte
Andakt av Monica Nord-Varhaug
Song av Vigrestad barnekor
Hovedtrekning, barneutlodning og
trekning av gavekort

## Velkommen!

NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

# Kom og vær med på NMS julemesse 23. og 24. november

Når tida er komen for NMS si julemesse går det verkeleg opp for oss at jula er på veg. Mange kjem igjen år etter år og me trur at messa vert opplevd som triveleg, god og meiningsfull, noko som er viktig for oss.

**FREDAG 23. november**

18.00 Kveldsmat. Gryterett, kaffi, kaker m.m.

19.00 Møte med Misjonskorpset frå Egersund.

Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 20.45.



**LAURDAG**
**24. november**



11.00 Møte med Tone Julseth Ydstebø, NMS og Emmaus yngreskor frå Nærbø
Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 13.00.

13.30 Familiemøte v/Tone Julseth Ydstebø og Minikoret.

Hovudtrekning og barneutlodding.

Mange dreg i lag for å få i stand messa med lefsebaking, skaffing av gevinstar, laging av pyntegrønt, loddsal og mykje anna. Messehelga er det mykje å gjera for matkomitéen og mange bidreg med matvarer. Takk til alle som er med på dette.

Me vert glade for alle som kjem.

# Julemesse
# Vigrestad Misjonshus



**Fredag 9. november kl. 19.00**
Andakt av Svein Arne Lindø
Sang av Hananja

**Lørdag 10. november**
**kl. 11.00**
Andakt av Erik Rørtveit
Song av Vikeså Soul Children

**kl. 14.00** : BASAR
Andakt av Torunn Fjelde Hansen
Song av Vigrestad Soul Children
Barnetrekning
Hovedtrekning :
Buna[illegible]kel, bålpanne, ulike gavekort m.m.

***Fredag:***

*Kafeteria med salg av gryterett, pølser, kaker m.m*

*Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker.*
*Tipp vekta på stor fruktkorg*

*Varesalg:*
*Småkaker, mykje fint håndarbeid , egg og grønnsaker m.m.*

***Lørdag:***

*Kafeteria med salg av graut, smørbrød, kaker, m.m*

*Tipp vekta på fenalår*

*Lagebord for barna*

*Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker.*

*Ansiktsmaling, popcorn*

*Varesalg*
*Småkaker, mykje fint håndarbeid, egg og grønnsaker m.m.*

*Barne-og hovedtrekning*

Arrangør: Normisjonsforeningar på Vigrestad, Varhaug og Nærbø



# Helsing fra husstyret

Fv: Tarald Ånestad, Kristian Skrettingland, Tron Stokkeland, Sigbjørn Varhaug, Loyd Aanestad, Torbjørn Honnemyr og Solfrid Harbo.

Nå er akkurat misjonshusbasaren ferdig og det går fort mot jul. Det betyr at at det nærmer seg julemesse tid. Dette er ei aktiv tid på huset der mange er engasjerte med ulike oppgaver og i forskjellige roller. Dette er ei koselig og hektisk tid fram mot advent og jul, som minner oss om kva som vi venter på.

Når det gjeld sjølve huset er det som før stor aktivitet. I haust har det vore stor aktivitet i kjellaren. Leiarane i Awana ( Nytt barne-ungdomsopplegg) har i løpet av sommaren pussa opp fleire rom i kjellaren, og nå har me eit nytt barnearbeid på søndagane. I tillegg er Humlebølet flytta ned og nyttar dei same roma kvar tysdag. Så nå er så og sei heile huset i bruk.

Derfor er det driftsmessig ei stor utfordring når det er så mykje bruk av huset. Det er mange arrangement som pågår samtidig, slik at det er viktig at alle kjenner til dei retningslinjene som gjeld for reservering/lån av dei ulike roma. Hovedgrunnen til dette er at det er nødvendig for styret å ha oversikt slik at dei ulike roma er oppvarma og reingjort før bruk.
Me vil gjera kjent at det er bestilt utvendig sikring med kameraer som dekker inngangspartier og uteområder. Dette vil væra i funksjon når bladet vert delt ut.

Helsing Styret

# nytt styre i ungdomslaget




Framme fra venstre:
Marta Maria Håland, Torger Skrettingland, Alma Auestad, Marta Bøe, Birte Auestad, Julie Skrettingland

Bak fra venstre:
Simen Rosnes, Benjamin Bøe, Kristian Lerbrekk, Sigve Kydland

MALER OG GOLVLEGGER

**Jæren Gulv AS**

Varhaug • Tlf. 488 48 700

**JÆREN AUTO AS**

**BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE**



**TLF.: 917 00 827 - VARHAUG**

**Sentrum Salongen**

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til bestillingssiden. Eller gå inn på :

www.ledigtime.no/sentrumsalongen

SPAR

**SPAR VARHAUG**
Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

**Haaland Bilverksted**

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug
Telefon: 90 50 65 66

MECA CAR SERVICE

MECA CAR SERVICE

**T. SKRETTING MASKINSTASJON**

Dysjalandsvegen, 4360 Varhaug

***Trond Skretting***
mob. 906 80 143
mob. 975 54 681 (Erik)
trond@tskretting.no

***www.tskretting.no***



Regnskapsfirmaet på Jæren
Besøksadresse: Møllevegen 4, 4360 Varhaug. (2 etg på Felleskjøpet) Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug

JÆRØK

**www.jarok.no**
post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66

MEDLEM REGNSKAP NORGE

# Min song

Då eg var 16 år gjekk eg eit år på Kvås folkehøgskule. Der hadde dei skulekor som alle var med i. Ein av sangane eg då vart kjent med var Jesus, det eneste.Sangen er skriven av Ole Theodor Moe i 1904. Denne sangen passar godt både som allsang og som 4-stemmig korsang.

Teksten er sentral og aktuell for alle som vil halda seg nær til Jesus.

Jesus, det eneste, helligste, reneste
navn som på menneskelepper er lagt!
Fylde av herlighet, fylde kjærlighet,
fylde av nåde og sannhet og makt.

Motganger møter meg, aldri du støter meg.
Bort fra din hellige, mektige favn.
Mennesker glemmer meg, Herre, du gjemmer
meg. Fast ved ditt hjerte og nevner mitt navn.



Herre, du høre meg, Herre, du føre meg.
Hvordan og hvorhen det tjener meg best!
Gi meg å bøye meg, lær meg å føye meg,
etter din vilje mens her jeg er gjest.

Du er den eneste, helligste, reneste.
Gi meg ditt rene og hellige sinn!
Frels meg fra snarene. Fri meg fra farene.
Ta meg til sist i din herlighet inn.

*Tarald Ånestad*



# Styrkar barnearbeidet med Awana

*Kjellaren på Varhaug Misjonshus er pussa opp og tilrettelagt for storinnrykk av barn og unge. Humlebølet, Spiren og speidaren er godt kjent frå før. Awana er heilt nytt i bygda.*

*Sjur Håland*

Det yrar av ungt liv på søndagsføremiddagane. Søndagsskulen held fram som før. Konseptet i kjellaretasjen heiter Awana, kjem frå USA og er tilrettelagt for norske kristne forsamlingar av Indremisjonsforbundet (ImF).

**Frå USA**
Nytt er Awana definitivt ikkje. Konseptet vart skipa i USA for 60 år sidan og har sidan då spreidd seg til 120 land. No er også Norge nådd. Gina Ueland, Gerd Håland, Ann-Jeanett Risa og Tone Elin Braut Liene står i spissen for tiltaket på Varhaug. Gina og Gerd fortel at målet er å gje dei yngste ei sjølvstendig tru.
– Awana er enkelt forklart eit trusopplæringsopplegg/disippelgjeringsopplegg for barn og unge. Visjonen er at dei skal læra å kjenna, elska og tena Jesus Kristus, fortel dei to.
I tillegg skal Awana bidra til å styrka fellesskapet på misjonshuset. Gjennom Awana utviklar barna trygge relasjonar til andre barn og til dei vaksne.
– Det betyr noko å bli kjent med og ha eit fellesskap med andre barn, og med andre vaksne enn til dømes berre mor og far, erfarer dei.

**Eiga tru**
– *Kanskje eit banalt spørsmål å stilla i* Misjonshusbladet, *men kvifor er det så viktig med ei tru?*
– Me ønskjer at alle skal bli frelst. I botn ligg Bibelen, Misjonsbefalinga og ei tru på ein himmel og ei fortaping. Awana vil visa at trua ikkje er noko som høyrer til mor eller far sine liv, men at eg kan tru og leva livet med Jesus.
ImF har teke med seg Awana-konseptet til Norge, og har rettane til å tilpassa teologien til norske lutherske tradisjonar.
– Dette er gjort på ein pedagogisk måte av svært dyktige folk. Det er enkelt for oss lokale leiarar å setja oss inn i programmet. Awana er eit trygt og gjennomarbeidd opplegg til å setja ut i praksis, seier dei to, som begge er utdanna lærarar.

**Alle er med**
Awana er eit samarbeid med føremiddagsmøta til NLM og ImF som startar 10.30, annan kvar søndag. Gruppa med barn mellom null og tre år heiter Puggles. T&T (Truth and Training) er for barn frå femte klasse og oppover, medan Mini-Awana er for barna mellom fire år til fjerde klasse. Puggles startar med leik, ei samling i midten og så meir leik. Då har leiarane fokus på å sjå barna og bygge relasjon med dei. T&T samlingane startar med ein halv time med undervisning i det som kallast Storgruppa. Å læra og å bli glad i sentrale bibelvers er ein del av undervisninga. Deretter er det ein halv time med fysisk leik.
– Litt som i ein gymsal. Alle er med, og me heiar kvarandre fram. Relasjon og samarbeid er

*Ivrar for Awana: Gina Ueland t.v og Gerd Håland er to av til saman tretti leiarar som driv det nystarta Awana-konseptet på Varhaug Misjonshus. På armen til Gina sit Josefine Ueland (3). I midten Nikolai Håland (2) og Sofie Håland (8).*



nøkkelord. Barna i mellom, men også mellom barna og vaksenleiarane, understrekar Gina og Gerd.
Dei siste 30 minutta går aktiviteten føre seg i smågrupper. Her er fokuset å bygga relasjonar, snakka om tru og spørsmål, læra bibelvers og be saman. Barna i sundagsskule-alder kan vera med på Mini-Awana desse sundagane frå 11.30 - 12.00. Då får dei litt leik og litt smågruppetid.

*– Så Awana er ikkje i konflikt med søndagsskulen?*
– Nei, det er eit samarbeid med søndagsskulen, påpeikar Gina og Gerd, og synar til at Awana supplerer behovet for samvær i grupper, saman med eit tilpassa tilbod til barn frå femte klasse og oppover, som ikkje søndagsskulen har.

**30 leiarar**
Awana følgjer føremiddagsmøta annan kvar søndag konsekvent gjennom semesteret. Det betyr at dei søndagane det er Awana og ikkje blir arrangert søndagsskule, kan desse barna eventuelt bli med på Awana i staden.
Heile 30 vaksne er med som leiarar. Det trengs for å bemanna alle gruppene.
– Både menn og kvinner er med. Dei fleste leiarane er i alderen der dei sjølv har småbarn. Oppgåvene våre er forskjellige, og det er ikkje slik at alle som er med har forkynnaroppgåver. Det å vera i lag, skapa tryggleik, leika med barna og vera med på rigging og rydding er avgjerande viktig for å gjennomføra Awana på ein søndag føremiddag.

*– Kor mange barn er med?*
– Søndag 9.september hadde me fullt Awana-opplegg for alle aldrane. Då var 85-90 barn med. Me er så vidt i gong og har berre hatt to samlingar. Det ser svært lovande ut. Me trur dette vil veksa seg stort.
Dei som var i matsalen på føremiddagsmøte observerte ungane og gledde seg over det dei såg.
– Det myldra av ungar. Klart det varmar dei vaksne å observera at nye generasjonar kjem til. Dette er berre gildt, fastslår dei to.

**Viktigaste me har**
*– Kvifor dette sterke engasjementet for barna?*
– Barna er det viktigaste me har. Det er dei som skal veksa opp, leva livet med Jesus og ta med det kristne arbeidet på misjonshuset vidare.

*– Kva med dei som er eldre enn barna som kjem no. Blir Awana utvida?*
– Draumen om å utvikla konseptet er absolutt til stades, me veit berre ikkje heilt kva tid og korleis det skal sjå ut. Det er avhengig av samarbeid med andre og ikkje minst korleis Gud legg det til rette.

**Førebels står Awana under Indremisjonsforbundet på Varhaug.**
– Blir det omorganisering til ei felles menighet, blir Awana ein del av dette fellesskapet, understrekar Gina Ueland og Gerd Håland.
Dei to mødrene har travle dagar med fire barn kvar. Gerd er lærar på Vigrestad, medan Gina er heimeverande.

*– De får vel dosen og vel så det på arbeid og på heimebane. Orkar de meir?*
– Ha, ha. Dette er jo berre ein og ein halv time kvar andre veke. Det er mest ingenting. Me ser også på dette som eit kall. Klart det er krevjande, men det gir også veldig mykje.



*Lukas Vagle fremst til høgre, Josefine Ueland ved sida og kikkar ned, Merethe Vagle med puggles t-skjorte, Margrethe Auestad leiker med kjøkkenet med far Trygve Auestad ved sida, bak Trygve står Ruben Skretting, Kristoffer Varhaug sit bakerst ved døra.*



*Bak til venstre sit Anne Gro Solås, (med hendene i i lufta). Tone Elin Braut Liene leiar samlinga, saman med Ann-Jeanett Risa, på fanget hennar sit Kari Risa. Barna med ryggen til er Kristoffer Varhaug og Nikolai Håland.*

*Kjellaren på Varhaug Misjonshus er pussa opp og tilrettelagt for storinnrykk av barn og unge. Humlebølet, Spiren og speidaren er godt kjent frå før. Awana er heilt nytt i bygda.*







# Humler på flukt.



*Karin Lerbrekk, i samtale med Kjellaug Røynås.*

Dette høyrest kanskje meir dramatisk ut enn det eigentleg er. Det betyr bare at Humlebølet barneaktivitet, som består av barn under skulealder i følge med mor, far eller ein annan vaksen, har flytta innad på Misjonshuset. Dei mange små humlene som i mange år har summa rundt i matsalen to timar kvar tysdag føremiddag i skuleåret, har nå floge ein etasje ned, og befinn seg i eigne rom i kjellaren.

*- Kvifor har de flytta?*
- Oppstart av barnearbeidet Awana blei initiativ til å laga kjellaren brukbar til denne aktiviteten, og det blei eit godt høve for oss i Humlebølet å røra på oss og bruka dei same roma. I matsalen hadde me eitt stort rom til alle ungane. I kjellaren disponerar me fire ulike rom, noko som gjer at me kan dela opp i smågrupper for ulik leik og aktivitet. Då me var i matsalen, måtte leikene ryddast vekk for kvar gong til eit lager der det og blei stua inn bord og stolar. Ofte var det mykje bry å finna leikene fram att til neste samling. Nå blir kjellaren brukt av Spiren, Awana og oss, og er blitt ein triveleg stad for ungar slik som loftet er for ungdommar.

*- Kor går de inn?*
- Det er i kjellarnedgangen på nordsida av Misjonshuset.

*- Er tidspunktet det same som før?*
- Det følgjer skuleruta og er kvar tysdag som før, men me startar ein halv time tidlegare på dagen, altså frå 9.30 - 11.30. Me prøver dette for at me skal vera heime att til kviletid for dei minste, og til større søsken kjem heim frå skulen.

*- Korleis er ein Humlebøledag lagt opp?*
- Me startar med leik kl 9.30 medan folk kjem. Kl 10 er det samling med andakt og sang. Kvar gong er det teiknekonkurranse der ein vinnar blir trekt, og premien er ei bok.

Så et me medbrakt niste ved langbord, kaffi og te traktar me på eige kjøkken. Etterpå er det leik igjen. Annankvar gong er det førskuleklubb for aktuell aldersgruppe, og av og til har me spesielle aktivitetar.

*- Trivst de i nye omgivnadar?*
- Ja, og me får positive tilbakemeldinger. Men det er mykje støy, så me håpar å få på plass støydemping i taket, og at det vil hjelpa. Det er triveleg å vera i eit mindre lokale enn matsalen, og med tekjøkken rett ved sida av, er det lett å ordna det me treng attåt maten.

*- Kor mange samlast kvar gong?*
- Me har vore jamt 30 - 40 stk , og i det siste godt 50, medrekna dei vaksne. Det er fint å treffast slik, og ekstra gildt når nye kjem og er med i laget.

Misjonshusbladet takkar for samtalen og innblikket i "humlene" sine samlingar. Det høyrest fint ut å vera ein av denne gjengen, og tydeleg at fleire er velkomne innom dersom ein har lyst. Kom og få litt luft under vengene, du og!

# Love, love love ... Kven elskar deg?

*Gina Ueland og Gerd Håland*

Nokon gonger seier vi at vi elskar kjeks. Eller at vi elskar å leike ute. Men når folk seier at dei elskar DEG, betyr det noko anna. Personane som elskar deg, bryr seg veldig mykje om deg. Dei vil vera saman med deg og hjelpa deg. Kanskje du kan sei namna til nokon av dei personane som elskar deg?

Men veit du kva? Det er ein som elskar deg endå meir enn nokon andre menneske kan klara. Veit du kven? Gud. Han er det. Gud elskar deg høgare enn nokon andre nokon gong kan elska deg. I Bibelen har Gud sagt til oss at «med evig kjærleik har eg elska deg» (Jer.31,3). At noko er evig betyr at det har alltid vore der. Samtidig vil det alltid fortsetja å vera der. Det som er evig vil aldri, aldri forsvinna eller ta slutt. Slik er det med Gud sin kjærleik til deg. Gud har alltid elska deg. Til og med før du vart skapt. Då du berre var i Gud sin tanke elska han deg.

Faktisk er det ikkje mogleg å elska høgare og meir inderleg enn Gud. Det er ingenting du kan gjera for at Gud skal elska deg meir enn han allereie gjer. Gud sin kjærleik til deg er skrudd på full guffe frå før. Det er heller ingenting du kan gjera for at Gud elskar deg mindre. Sjølv om du ikkje alltid klarer å gjera slik som Gud vil så elskar han deg. Til og med når du ikkje elskar Gud eller er ulydige mot Han, elskar Gud deg. Gud vil uansett elska deg med ein evig kjærleik.

Gud viste sin kjærleik då han sendte sin einaste gut, Jesus, til å bu her på jorda og vera vår frelsar. I 1.Joh.4,10 står det «...Gud... elska oss og sendte sin son...» Gud elska oss og sendte




Instruksjonar til teikning: Teikna ditt eige fjes på barnet utan fjes.

Meir moro: Finn og skriv ordet MEG og fargelegg biletet

Endå meir moro: Vis biletet ditt til nokon og sei; «Jesus elskar deg» .

Jesus for å ta straffa for alt det gale vi gjer. Jesus døyde på korset for våre synder. Så, tre dagar seinare, stod han opp igjen. Jesus vant over døden og synda. Då opna han vegen til himmelen for oss. Jesus vil vera din frelsar og venn. Når Jesus får vera din sjef og venn, då har du billetten til himmelen. Det einaste du treng å gjera er å seia til Jesus at du vil tru på han og ha han som venn og sjef i livet ditt.

Høyr gjerne songen «Ja jeg vet at Jesus bryr seg om meg». Dersom du ikkje har den eller kan songen så kan du søka den opp på spotify. (Jarle Waldemar syng den på Cd-en «Jesus elsker alle barna")

FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

SpareBank 1
SR-BANK

# Kvinneforreningar tilknytta Misjonshuset.

## Norlys



*Bak fv: Mari Olsen, Aud Torunn Nesvåg, Tove Braut, Gudbørg Aanestad Skretting, Grethe Håland og Anne Brit Stokkeland*

*Framme fv: Sigrid Varhaug, Astrid Varhaug, Solfrid Skretting og Borgny Ånestad Skretting*

*Nordlys og Håp frå Varhaug støttar trusfellar i Finnmark*
*Etter den årlege foreiningsbasaren først i september synte finteljinga ein netto på 68.000 kroner. Pengane går uavkorta til arbeidet i Finnmark.*

*Sjur Håland*

– Rekord og eit fantastisk resultat, ikkje minst i lys av at det blir arrangert så mange basarar på Varhaug, seier leiaren av Nordlys, Astrid G. Varhaug.

**Starta med vekkjing**
Den tradisjonsrike Nordlys-foreininga har røter frå krigsåra. I 1941 var okkuperte Norge underlagt mørke krefter. På Varhaug forsamlingshus, som første del av krigen ikkje var teke i bruk av tyskarane, stod forkynnaren Mikael Landro bak talarstolen og talte om verda sitt ljos. Kveld etter kveld formidla han Den glade bodskapen. Varhaugsbuane var fortvila over dei svarte skuggane krigen kasta og søkte saman for trøyst, samhald og håp. Folk vart vekte. Den 26 år unge mannen med det store forkynnartalentet var på Varhaug i heile ni veker før han pakka Bibelen og Sangboka i kofferten og traska vidare. I kjølvatnet av vekkinga, danna ein gjeng med unge kvinner ei jenteforeining som skulle arbeida for Finnmarksmisjonen. Eit av dei meir kuriøse vilkåra frå den gongen var at om ei av foreiningsmedlemmane vart gifte, måtte ho slutta i foreininga. Den første leiaren i Nordlys var Målfrid Skrettingland (1918-1993), som vart gift med Ragnar Fitje.

**Rikt utbytte**
Lite er kjent om aktiviteten til jenteforeininga dei første åra. Truleg har ho lege nede ein periode. I 1962 var driftige kvinner i gang att, denne gongen som ei tradisjonell kvinneforeining med Ingfrid Berland (1931-1978) som leiar. Laurdag 24. november 1962 hadde Nordlys basar på Varhaug Misjonshus. «Med rikt utbytte» presiserte Lars Aanestad då han noterte i protokollen til lokallaget tilhøyrande Vestlandske Indremisjonsforbund (i dag Indremisjonsforbundet, ImF). Ådne P. Skretting, Ådne på Toppen, sa fleire gonger at det var først når kvinneforeininga tok til med sitt arbeid at det «vart skikk på Vestlandske på Varhaug». Tydlegare språk på kva kvinneforeiningane betyr for misjonsarbeidet og aktiviteten på Varhaug Misjonshus, skal ein vel leita lenge etter.

**Nordlys og Håp**
I dag har ImF Varhaug to aktive kvinneforeiningar. Nemnte Nordlys, og «den unga foreininga», Håp, som vart stifta i 1991. Dei fire kvinnene i denne foreininga er med og arrangerer Nordlys sin basar.

– I Nordlys er me nå ti kvinner i alderen 61-68 år som samlast i dei ulike heimane annankvar måndag gjennom året, med unnatak av eit par månadar

sommarfri, fortel Astrid G. Varhaug.
Sjølv har ho vore med heilt frå då ho flytte til Varhaug for 50 år sidan. Kaffi og prat rundt bordet høyrer med. Den sosiale biten er viktig. Etter fleire tiår i lag blir samhaldet sterkt og fortruleg.

– Ja, me har det veldig triveleg i lag. Å syngja er blant tradisjonane me held på. Ho som er vert for kvelden begynner gjerne med andaktsord før me tar runden rundt bordet for vitnemål, andaktsord eller om det er noko den einskilde ønskjer å ta opp eller be for.
For kvinnene rundt kaffibordet faldar hendene og ber.

– Me ber blant anna for arbeidet i Finnmark, og for bygda vår.

**Stort behov**
Foreininga har ansvaret for vasking på Varhaug Misjonshus ein månad i løpet av året. Kollekt til arbeidet er standard prosedyre på foreiningskveldane. Noko går til bibelskulen på Bildøy og noko blir gitt til leirstaden Ognatun. Nordlys arbeider likevel mest for Indremisjonsforbundet sitt arbeid i Finnmark.

– *Finnmark?*
– Her har ImF arbeidd heilt sidan 1909. Dåverande Vestlandske Indremisjon dreiv både barneheim og aldersheim i Finnmark etter krigen. Det sosiale arbeidet er nå overteke av kommunane. Finnmarkssekretæren, bindeleddet mellom foreiningane og arbeidet, er det ikkje lenger økonomi til. Men det er framleis stort behov for å hjelpa til med forkynning- og forsamlingsarbeid i det store fylket der avstandane mellom bedehusa er større enn me her på Jæren kan førestilla oss, forklarer Astrid.
Indremisjonsforbundet driv to leirplassar i Finnmark, i Repparfjord (vest) og i Vestre Jakobselv (aust). Forsamlingane ligg spreidde og dei som søkjer til møta er få. Forkynnarane har lang reiseavstand og skal gjerne ha litt løn for arbeidet.

– Kanskje det berre er fire til fem kristne på kvar plass, som gjerne ikkje har møte meir enn ei gong i året. Om alt bedehusfolket i fylket hadde vore samla ville dei vore færre enn dei som var samla på basaren vår nyleg, illustrerer ho.

**Plass til fleire**
– *Kva er det som gjer at de held ut, år etter år?*
